



Sakshandsamar:
Ole Ingar Hagen Hæreid
E-post: ole.hareid@sfj.no
Tlf: 57656251

Vår ref.
Sak nr.: 11/492-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
4267/13

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 01.02.2013

Det Kongelige Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Framlegg til endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova), fråsegn

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handsama framlegg til endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) i møte den 30.01.13, sak 4/13.

Fylkesutvalet gjorde følgjande endelege vedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har ikkje merknader til dei føreslegne endringane i yrkestransportlova pkt. 1-3, 6 og 7. Dette er ei tilpassing av norsk lovgiving til EU-retten.
2. Pkt. 4 i framlegget går direkte inn i arbeidsporteføljen til fylkeskommunen. Fylkes-kommunen har i dag løyvemynde både for behovsprøvde løyve (drosjer) og ikkje-behovsprøvde løyve (transportløyve, godsløyve). Samferdsledepartementet argumenterer med likehandsaming av løyvesøknader. Slike søknader vert i dag handsama av fylkes-kommunane etter yrkestransportlova. Likehandsaming av søknader vert tekne i vare gjennom den fylkeskommunale handsaminga av ikkje behovsprøvde løyve. Fylkesutvalet vil ikkje akseptere at handsaminga av ikkje-behovsprøvde løyve vert flytta frå fylkes-kommunen til staten.
3. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har ikkje merknader til at ansvaret for å utferde løyve til internasjonal vegtransport vert flytt frå Samferdsledepartementet til Statens vegvesen.

Vedlagt følgjer saksutgreiing og saksprotokoll frå møtet.

Med helsing

Ole Ingar Hagen Hæreid
nestleiar samferdsleavdelinga

Vedlegg:
Saksutgreiing
Saksprotokoll

Mottakar (ar)
Det Kongelige Samferdselsdepartementet, Postboks 8010 Dep 0030 OSLO

